

Saksprotokoll 19.05.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Utvalseiar Stian Davis (A) sette på vegne av A, SV, MDG, V, Sp fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 4

Fylkesutvalet får fullmakt til å gi uttale i sak om busetjing. Før fylkesutvalet gir uttale, skal KULLII gi innstilling til fylkesutvalet i saka.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Davis sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 fekk ingen røyster og falt mot Davies sitt forslag som vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek orienteringa om dei nye oppgåvene på integreringsfeltet til vitande.
2. Fylkestinget meiner at Vestland fylke skal vere eit godt integreringsfylke. Fylkeskommunen vil arbeide vidare med å utvikle og ta i bruk gode modellar for integreringsarbeidet. Arbeidet vert utvikla i samarbeid med stat, kommunar, andre regionale aktørar og frivillig sektor.
3. FN sine berekraftsmål står sentralt i integreringsarbeidet, og fylkestinget viser til arbeidet med utviklingsplan for Vestland og den plass berekraftsmåla har fått der. Fylkestinget legg til grunn at integreringsfeltet vert del av regional planlegging som skjer i etterkant av vedtak om utviklingsplan for Vestland.
4. Fylkesutvalet får fullmakt til å gi uttale i sak om busetjing. Før fylkesutvalet gir uttale, skal KULLII gi innstilling til fylkesutvalet i saka.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge utfordringane i denne saka til grunn for vidare arbeid i 2020, og innarbeide tiltak i forslag til budsjett og handlingsplan 2021/økonomiplan 2021-2024.